



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
06.01.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/37  
Dykkar referanse

Kommunane v/rådmann  
Bergen kommune, Byrådsadvdeling for helse og omsorg  
v/kommunaldirektør

Kommunane v/ leiande helsesyster  
Bergen kommune v/ einingsleiarane for helsestasjons- og  
skulehelsetenesta

### Kartlegging skulehelseteneste 2015

Fylkesmannen vil med denne kartlegginga få informasjon om omfang og innhold i skulehelsetenesta.

I embetsoppdraget 2015 frå Helsedirektoratet er fylkesmennene bedt om ha særskilt merksemd på oppvekstmiljøet for barn og unge. Kunnskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet har gitt oss likelydande oppdrag. Fylkesmennene skal ha dialog med kommunane om kapasitet og kvalitet i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Opplysningane som vi får ved denne kartlegginga, vil vere grunnlaget for vidare dialog med kommunane.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta er viktige lågterskeltilbod til barn og unge. I eigenvurderinga som kommunane gjorde av helsestasjonstenestene i 2014, opplyste fleire at skulehelsetenesta var nedprioritert.

Vi ber om at fagansvarleg leiar for helsestasjons- og skulehelsetenesta i kommunane og bydelane i Bergen fyller ut og returnerer utfylt skjema. Kommunane får oppsummeringsrapporten når han er ferdig.

Spørjeskjemaet er vedlagt. Svarfristen er **10. februar 2015**.

Med helsing

Signe Marit Stephanides  
seksjonsleiar

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg:  
Spørjeskjema